

# LOVER FOR SØVIK OG GAMLEM SMÅBÅTLAG

SKIPA 08.02.74

§1

Laget sitt namn er *Søvik og Gamlem Småbåtlag*. Føremålet er å skaffe permanent båthamn, og elles ta opp saker som måtte være av interesse for laget.

§2

Laget skal ha eit styre på 5 medlemmer: formann, varaformann og 3 styremedlemmer. Det skal vere 2 varamenn for styret.. Styret vert valt på årsmøtet.

§3

Styret leier den daglege drifta av laget. Styret skal ivareta laget sin økonomi og andre interesser, kalle saman til møter og leggje fram revidert rekneskap og årsmelding på årsmøtet. Alle medlemmane har rett til å komme med framlegg til endring i vedtekten, og gjere framlegg om å ta opp andre saker som sorterer under laget. Slike framlegg må vere overlevert styret 14 dagar før årsmøtet. Styret vert kalla saman av formannen eller 3 av styremedlemmene så ofte som nødvendig.

Styret kan gjere vedtak når minst 3 medlemmer er til stades. Om røystetalet står likt, er formannen si røyst avgjerande.

Valde særnemnder er ansvarlege overfor styret, og kan kallast inn til styremøter utan røysterett.

§4

Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av februar, og vert samankalla av styret med minst 8 dagars varsel. Sakliste skal følgje innkallinga. Årsmøtet kan gjere vedtak når minst 20% av medlemmene er tilstades. Blir frammøtet for lite, kan det fastsetjast omframt årsmøte som kan gjere vedtak utan omsyn til antall frammøtte medlemmer.

På årsmøtet skal ein ha føre:

- årsmelding
- rekneskap
- kontingent
- val
- eventuelle framlegg.

I samsvar med §2 vert formannen vald for eitt år om gongen. Vidare vert det vald 4 styremedlemmer med 2 varamenn, for 2 år.

Styremedlemmene er på val vekselvis annankvart år, fyrste gongen etter lutdraging. Kasserer og sekretær vert valde av årsmøtet. Laget skal ha 2 revisorar, den eine står på val kvart år, første gong etter lutdraging.

Alle medlemmer pliktar å ta imot val, men kan nekte attval i så lang tid som dei har stått.

Årsmøtet fastset medlemeskontingen. Medlemeskontingen gjeld for 1 - eitt - år. For tilsyn med småbåthamna skal veljast ei hamnenemnd på 4 medlemmar, med 2 varamenn. Nemnda vert vald for 2 år i gongen. Hamnenemnda vel sjølv ein formann. Formannen i styret kallar inn til første møtet.

Årsmøtet sine vedtak vert gjort med vanleg røystefleirtal. Om røystetalet står likt, avgjer formannen si røyst saka.

Endringar i vedtekten må ha minst 2/3 fleirtal av dei frammøtte.

## §5

Medlemeskontingen, innskudd og årsavgifter o.l fastsettes av årsmøtet. Kontingentene følger kalenderåret og forfaller til betaling innen 30.mars. Oversittes fristen skal styret etter 1 måned sende purring med gebyr.

I fall kontingenen ikke er betalt innen 15. juni, strykes vedkommende som medlem.

Ved eventuell eksklusjon utbetales 50 % av båtplassens verdi når denne er omsatt, jf. Minus utestående fordring, og eventuelt manglende dugnad.

Ved eventuell naust §12 må dette seljast innan 12 mnd. Viss ikkje vil laget prøve å selje naustet, og det vil ble refundert 50% av salssum laget oppnår.

## §6

For å ha røysterett på årsmøtet, må medlemeskontingen og hamneavgift være betalt for forrige kalenderår.

Ved mislighold av betaling eller ved mislighold av andre lover og regler i laget, kan styret skriftleg seie opp eit medlem i laget.

## §7

Styret kan om dei finn det naudsynt, eller når 1/4 av medlemmane krev det, kalle inn til omframtid årsmøte. Denne innkallinga skal skje med minst 8 dagars varsel, og sakliste skal følgje ved.

## §8

Alle som ønskjer det, kan bli medlemmar i laget. Medlemmane er ikkje ansvarlege for anna enn innskotet i laget.

Kvart medlem pliktar i løpet av ein 5-årsperiode etter at dei har blitt tildelt båtplass, å nedlegge minimum 50 timars dugnadsinnsats i hamna etter nærmare instruks. Om eit medlem etter utløpet av denne tidsperioden ikkje har klart å skaffe til veges desse timane, kan styret krevje økonomisk vederlag for differensen. Summen vert i så fall stipulert på grunnlag av den

timesatsen laget legg til grunn på søknaden om kommunal refusjon for dognadsarbeid i hamna.

Ved bortgang av et medlem vil arvtaker arve registrerte dognadstimer begrenset opp til 50 timer.

Utmelding av laget skal sendast skriftleg til styret og må vere innkomne innan utgangen av kalenderåret.

Kvar medlem kan berre ha rett til 1 båtplass. Ved framleige betaler leigaren etter gjeldande leigesats for den tida han nyttar plassen (inntil 1 årsleige). 3 mnd. oppsigelse. Viss framleigetakst er betalt for eit heilt år, skal plasseigaren ikkje betale plassleige dette året. Viss plasseigar likevel brukar plassen periodevis dette året, skal han betale for den tida han nyttar plassen.

## §9

Medlemmane skal rette seg etter dei vedtekter og reglar som til ei kvar tid gjeld for småbåtlaget. I motsett fall kan medlemsskapen bli oppsagt. Eit medlem som vert oppsagt, misser retten til båtplass. Styret og hamnenemnda avgjer slike saker.

## §10

Opplysing av småbåtlaget kan berre vedtakast på eit ordinært årsmøte med 2/3 fleirtal, og der minst halvparten av medlemmane er tilstades.

Under avviklinga skal styret styrkast med 3 medlemmer valde på årsmøtet. Dersom det vert vedteke å løyse opp laget, skal styret sitt framlegg for opplysinga handsamast på årsmøtet. Saka vert avgjort med vanleg røystefleirtal. Medlemmar som er hindra frå å møte, kan gje skriftleg fullmakt til andre.

## §11 BÅTPASSAR

Sal eller overdraging, eventuelt framleige av båtpassar, skal skje gjennom småbåtlaget til medlemmar etter ansiennitet. Kvart medlem kan berre ha rett til ein båtplass. Ein båtplass kan arvast eller overlatast til familie i rett nedgåande eller oppgåande linje. Båtpassar blir innløyst til 70% av dagens pris så framt som der er kjøpar til plassen.

## §12 NAUST

Alle medlemmar som eig båtplass kan få sette opp naust så langt laget har plass. Kvart medlem kan berre ha rett til eit naust. Medlem som eig naust i området må også eige ein båtplass. Når ein medlem sel båtplassen sin misser han automatisk retten til å ha naust i hamneområdet. Naust kan berre seljast til ein lagsmedlem som også eig båtplass, eller arvast eller overlatast til familie i rett nedgåande eller oppgåande linje. Ein føresetnad er at overtakaren også eig båtplass.

**§13**  
**FORSIKRING**

Alle båtar skal vere ansvarsforsikret.

Desse vedtektene er gjort gjeldande frå 19.02.74.

Siste revisjon fann stad under årsmøtet 12.03.03.

Siste revisjon fann stad under årsmøtet 05.03.09.

Siste revisjon fann stad under årsmøtet 14.02.12.

Siste revisjon fann stad under årsmøtet 13.03.19.

Siste revisjon fann stad under årsmøtet 09.06.21.